



Det er berre å innrømme det: Hvis ein vil oppleva skikkeleg julestemning allereie denne helga må ein leggja turen til Rosendal. Der vert det avvikla eit mangfaldig program og marknaden gjer ikkje minst inntrykk Den stiller også 2 driftige produsentar frå Uskedalen opp i. Det er Friheim Gardsmat og Elins Matgleder. Elin prioriterer Rosendal denne helga og difor bakar ho julebrød i morgon, fortel ho.



[Julestemning i Rosendal](#)

Ellers skjer det så mangt og Rosendalsatsinga minner om dei julemarknadane som set sitt sterke preg på tyske byar i desse førjulsvekene.

Til dømes er det nisseutstilling både fredag og laurdag og da får ein sjå mange fantasifulle produkt laga av skoleborn.

Det skal også vera kåring av årets nisselue!
Ellers nemnar vi i fleng fotografering, ljodypping, juleforteljing, song, familiekino og juleverkstad.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen
Foto: Jul i Rosendal